


Prosjektplan for Edland barnehage

1. Mål og kjernekomponentar i prosjektet

Vinje kommune deltek frå hausten 2018 t.o.m. desember 2020 i Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale kompetanseutviklingstilbod «*Inkluderande barnehage- og skolemiljø*». Vinje kommune deltek i pulje tre i det samlingsbaserte tilbodet. Prosjektet har som mål å styrke barnehagar, skular og eigar sin dugleik i: å skape og oppretthalde gode barnehage- og skolemiljø, samt i å førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Vidare er målet å styrke både regelverkskompetansen og den pedagogiske kompetansen til barnehagar, skular, eigar og barnehagemyndigheiter, samt å styrke kompetansen til å drive kvalitetsutvikling lokalt. **Kjernekomponentane** i dette prosjektet er med andre ord:



Vinje kommune sine overordna mål for prosjektet er:

På bakgrunn av kjernekomponentane som Utdanningsdirektoratet har satt for tilbodet/prosjektet har Vinje kommune sett seg fylgjande overordna mål for prosjektet:

1. Barnehagane skal ha høg kvalitet som fremmer trivsel, leik og læring.
Skulane: Elevar skal ha eit godt og inkluderande skolemiljø.*
2. Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.
3. Skulane og barnehagane skal utvikle gode rutinar som gjer den enkelte eining til ein endå betre lærande organisasjon.

*Skolemiljø= fysisk miljø, psykososialt miljø og læringsmiljø.

2. Mål for den enkelte eining

På bakgrunn av dei overordna måla til kommunen, samt tilbakemeldingar frå dei tilsette, barna og foreldra har me ved Edland barnehage bestemt oss for å arbeide meir med desse måla;

1. Barna i Edland barnehage skal møte varme og tydeleg vaksne som gjer kvardagen forutsigbar og trygg

- verdiar og haldningar
- korleis er me varme og tydelege vaksne?
- korleis gjere kvardagen forutsigbar?
- kva er eit trygt miljø?
- relasjonskompetanse
- tilbakemeldingskultur (arbeide med vår/haust 2019)

2. Edland barnehage skal ha gode rutiner for å førebyggje og handtere mobbing og andre krenkingar

- revidere «Handlingsplan mot mobbing» i løpet av prosjektperioden
- definere omgropa mobbing og krenkingar
- få meir kunnskap om risiko- og beskyttelsesfaktorar (hausten 2019/vår 2020).

3. Edland barnehage skal ha refleksjonstid på alle interne møter

- praksisforteljing som metode
- jobbe med felles reglar for kva slags åtferd me reagerar på. Kva er greitt og kva er ikkje greitt?

3.Liste over implementeringsdrive.

IGP

Praksisforteljing

Fuelbox

Lotus – skjema

Relasjonsanalyse

Kurs

4. Gjennomføringsplan

Denne planen er ikkje utfyllande, og vil bli endra ved behov

Tema	Førebuing	Metode	Når	Ansvar
Relasjonskompetanse <i>Verdiar og haldningar</i>	Les: Kapittel 2 i «Se barnet innenfra»	Film frå Udir og refleksjonsoppgåver IGP	Februar	Styrar
Relasjonskompetanse <i>Verdiar og haldningar</i>	Les: Kapittel 3 i «Se barnet innenfra»	Individuelle refleksjonsoppgåver Kurs «Å høyre til – inkludering og relasjonskompetanse » m/Charlotte U JOhannessen	Mars 19.03.19	Styrar /Nestleiar Styrerane i Vinjebarnehagen
Relasjonskompetanse <i>Verdiar og haldningar</i>	Les: Refleksjons-spørsmål på eige ark	Sjá foredraget til Ingrid Lund	April	Nestleiar
Avdelingsmøte <i>Relasjonskartlegging</i>	Fylle ut sosiogram	Sosiogram	April	Pedagogisk leiar
Relasjonskompetanse <i>Korleis er me varme og tydlege vaksne?</i>	Les: Kapittel 4 og 5 i «Se barnet innenfra» https://www.atenposten.no/viten/i/21xjq/De-n-autoritative-voksne	Praksisforteljing	Mai	Styrar /Nestleiar (Gje info om oppgåve til neste møte)
Relasjonskompetanse <i>Korleis er me varme og tydlege vaksne?</i> <i>Kva er eit trygt miljø?</i>	Les: kapittel 6 i «Se barnet innenfra» Skriv ein praksisforteljing og ta den med på møtet	Refleksjon rundt praksisforteljingane	Juni	Styrar

Krenkingar «Når vaksne krenkar barn» <i>Mobbeombodet kjem</i>			04.09.19	Styrar
Mobbing <i>Temaforståing</i>	Les: Kapittel 1 og 2 i «Mobbeatferd i barnehagen»	Film: http://www.listerpedsenter.no/index.php?pageID=238 Refleksjonsoppgåver	24.09	Styrar
Foreldremøte	Kva er krenkingar? Kva gjer me som vaksne?	Refleksjonsoppgåver	September	Styrar/Nestleiar/Pedagogisk leiar
Avdelingsmøte <i>Relasjonskartlegging</i>	Fylle ut sosiogram	Sosiogram	Oktober	Pedagogisk leiar
Storforeldremøte på Vinjehuset <i>Mobbeombodet kjem</i>			16.10	Prosjektgruppa
Mobbing <i>Førebygging</i>	Les: Kapittel 3 og 4 i «Mobbeatferd i barnehagen»	Være sammen - nettside	30.10	Styrar
Mobbing <i>Tiltak</i>	Les: Kapittel 5 i «Mobbeatferd i barnehagen»		28.11	Styrar
Risiko- og beskyttelsesfaktorar			Vår 2020	Styrar
Avdelingsmøte <i>Relasjonskartlegging</i>	Fylle ut sosiogram	Sosiogram	Februar	Pedagogisk leiar
Foreldremøte <i>Føresette som ressurspersonar i barns oppvekstmiljø</i>		Refleksjonsoppgåver	Mars	Styrar

Kommentert [GBS1]: Anbefaler denne artikkelen i arbeidet med avklaring av omgrepet «mobbing». Den er fin for å få i gang diskusjon rundt temaet:
<https://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/mobbing/siste-nytt-om-mobbing/debatt-om-mobbing-engasjerer-article133020-21245.html?fbclid=IwAR29q8u6DUFhDdict8F9pNnccHmlYPk5X7WwU5nCkd2B3PWD2jZPN8vXxGM>

Anbefaler og denne nettressursen. Den kan brukast både i personalgruppa og ikkje minst med barna!
<https://www.jegvet.no/>

Denne artikkelen er jo og god ift. dette:
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/innforer-mobbelov-i-barnehagen/id2664023/>

Kommentert [GBS2]: På dette møtet er målet at foreldra skal gjennomføre ei spørjeundersøking. Eg skal lage eit infoskriv om dette som de må sende ut til foreldra. Eg blir gjerne med på møtet om de er ynskjeleg!

Kommentert [GBS3]: Dette har de sikkert tenkt på, men det er viktig å få med temaet avdekking av mobbing. Spørsmål som: kva for rutinar har me for å sikre at mobbing blir avdekkta og handtert?- er gode å drøfte.

Kommentert [GBS4]: Her er det nok lurt å sjå på handlingsplanen de har.
Det er og lurt å bruke caser der dei tilsette skal kome passande tiltak til ulike case.

Kommentert [GBS5]: Her kan de jo kanskje og snakke litt om konsekvensar av mobbing.

Når det gjeld risiko- og beskyttelsesfaktorar anbefalar eg å lese eit kap. i Erling Roland sin bok «Mobbingens psykologi». Eg legg det ved som eit vedlegg i mailen, Ein kan med fordel repetere innhaldet frå kap. 2 i boka «Mobbeatferd i barnehagen».

5. Plan for involvering av foreldre.

Foreldre skal involverast gjennom den daglege kontakten, foreldresamtaler og foreldremøter.

6. Plan for involvering av barna/elevar.

Barna involverar me gjennom å ha tema om vennskap og kjensler.

Me vil bruke samtalekorta til Fuelbox og bøker som utgangspunkt for samlingar og samtaler.

7. Plan for involvering av heile personalgruppa.

Me skal ha dei ulike temaene i fellesid på personalmøter 1 gong pr månad. Her er alle tilsette tilstade.

Temaene skal drøftas og reflekteres rundt på avdelingsmøter, fagmøter og pedagogmøter.

